

Tilleggsinnkalling til Utval for levekår

Møtedato: 02.04.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00

Medlemmene i Utval for drift og utvikling vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Sakliste

Saknr	Tittel
13/2019	Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland

26. mars 2019

Sølvi Norunn Knudsen
leiar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA-C50, TI-&30	14/653

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
13/2019	Utval for levekår	PS	02.04.2019

Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Planprogram for kulturminneplan i Meland vart vedteken i KS-100/2015, og arbeidet har vore støtta av Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Bakgrunnen for planarbeidet låg i ei nasjonal satsing for å utarbeide kulturminneplanar i kommunane, som eit tiltak for å redusere det store svinnet i nyare tids kulturminne frå dei siste hundreåra. Denne reduksjonen i dei tidsmessige nære kulturminna våre har i hovudsak grunnlag i samfunnsendringar der bygg og strukturar går ut av bruk, noko vi òg kjenner frå vår region. Vidare er vår immaterielle kulturarv under press, som til dømes tradisjonshandverk, sjøbrukskunnskap og folkloristikk. Plansatsinga skal sikre lokale prioriteringar og strategiar for å sikre desse verdiane for kommande generasjonar.

Planarbeidet har vist seg svært omfattande og tidkrevjande, særleg i høve kjeldeomfang og struktur. Det har òg vore naudsynt å prioritere andre større satsingar dei siste åra, mellom anna for barn og ungdom. Det har likevel vore gjort omfattande førebuande arbeid, der ein mellom anna har godt oversyn over kjeldetilfanget og gjort ferdig større digitaliseringsoppgåver. Vidare har satsinga på kommunal kulturminnevernforvaltning vore styrka, og saksfeltet er ein tydeleg del av alle kommunale prosessar i høve plan- og bygningslova.

Styringsgruppe for planarbeidet er Utval for levekår.

Vurdering

Kulturminneplan for Radøy vart vedtatt i 2017, og kulturminneplan for Lindås frå 2011 er til rulling. Meland og Lindås kommunar har ikkje høve til å ferdigstille respektive nye planar før 2020, men kan systematisere og tematisere kunnskapen og kjeldegrunnlaget i eigne kunnskapsgrunnlag. Ein eventuell kommande kulturminneplan for Alver vil slik kunne byggje på tre delar: Radøy-planen og kunnskapsgrunnlaga for Meland og Lindås. Dette vil saman kunne danne grunnlag for heilskaplege kulturminnestrategiar for Alver kommune, og sikre omsyna, verdiane og kunnskapen frå dagens einskilte kommunar.

Folkehelse

Kulturminna har påverknad på folkehelsa, mellom anna som del av attraktive ute- og friluftsområde, samt satsing på kunnskap om eiga historie.

Miljø

Ny bruk av kulturminne kan ha positiv innverknad på miljørekneskapen.

Økonomi

Saka har ikkje innverknad på kommuneøkonomien.

Konklusjon

Arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune vert konkludert som kunnskapsgrunnlag for kulturminne, med omsyn til framtidig planarbeid i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår godkjenner at arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune vert konkludert som Kunnskapsgrunnlag for kulturminne i Meland, for å danne grunnlag for framtidig planarbeid i Alver kommune